



Finnøy sentralskule

17.06.2020

Til:

Toralf Ladstein, foreldrerepresentant i SMU/SU og leiar i FAU og SU/SMU

Maren Koch, foreldrerepresentant i SMU/SU

Ingeborg Bø Rolfsen, foreldrerepresentant i SMU/SU

Maria Rørtveit, vara for elevrepresentant i SMU/SU

Ådne Olsen, elevrepresentant i SMU/SU

Endre Breiland, vara for elevrepresentant i SMU

Jone Bringeland, lærarrepresentant i SMU/SU

Tor Magne Moen, lærarrepresentant i SMU/SU

Joanna Mowinska, representant for andre tilsette i SMU/SU

Jan Terje Vignes, representant frå kommunen i SMU/SU

Referat frå møte i SMU og SU ved Finnøy sentralskule

Møtetidspunkt: Onsdag 10. juni kl 09.00-11.00

Møtestad: Konferanserommet Finnøy sentralskule

Skulemiljøutval (SMU)

Sak 19 19/20 Godkjenning av møtereferat."

Merknad: SMU ynskjer at ein følgjer opp saka om trafikktryggleik:

SMU ved Finnøy sentralskule skal senda innspel om trafikkfarleg kryssing ved vegen ved Fåhagen. Foreldra ynskjer fotgjengarovergang. Ansvar: Rektor

SMU ved Finnøy sentralskule vil informera via Øyposten om trafikkfarleg område der bussane stoppar og oppmoda om at ein ikkje køyrer forbi bussane og elles tek omsyn.

Ansvar SU leiar

SMU ved Finnøy sentralskule vil spørje styret i Finnøy Fleirbrukshall om å få merka opp der elevane skal gå. Ansvar: Rektor

Vedtak: Referat frå førre møte blei godkjent

Sak 20 19/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Vedtak: Møteinnkalling og sakliste blei godkjent

Sak 21 19/20 Evaluering av heimeskule

Skulen fortel:

Skuledagen blei organisert på ein ny måte; Morgonmøte, dagsplan med to økter + gym.

Det har gått greitt, men vanskeleg med nye tema i matematikk og naturfag

Elevane fortel:

Lettare å visa nye ting ved hjelp av tavla, men det gjekk greitt.

Elevane meinte det var bra med kortare dagar, men kjedeleg å ikkje treffa venner.

Nokre elevar har vore nøgd og likte heimeskule, andre vil tilbake til fysisk oppmøte. Ein del elevar meinte det gjekk greitt, men det blei kjedeleg etter kvart. Ein opplevde at elevar snudde døgnet. Kjekt å begynna igjen.

Foreldra fortel:

Det kunne bli litt mykje arbeid for foreldra. Trur mange foreldre har fått stor respekt for lærarane og arbeidet dei gjer.

Foreldre har opplevd det ulikt. Positivt å ha delt denne erfaringa. Har fått god oppfølging frå skulen. Både skulen og heimen fekk eit «tvungent» teknologisk løft.

Skulen har hatt tiltak og oppfølging for sårbare elevar. Elevar har fått omsorgstilbod etter behov.

Foreldre har brukt mykje tid. Spesielt i forhold til elevar på 1.-4. trinn

Ein trur at elevane har tapt litt i forhold til pensum. Forskjellane mellom elevane kan ha blitt større.

Sak 22 19/20 Evaluering av skuleåret 2019/2020

Elevane er meir nøgd med læringsmiljøet og trivs betre enn tidlegare å. Snittet er noko betre på 10. trinn enn 7. trinn.

Elevane på både 10. trinn og 7. trinn fortel at dei strevar med motivasjonen og at dei ikkje får vera med å vurdere skulearbeidet sitt

Innspel frå SMU:

- Endå meir fokus på positive tilbakemeldingar når elevane gjer noko bra.
- For å auka motivasjon bør undervisninga bli endå meir variert og praktisk

- Meir uteaktivitetar
- På spørsmål om nettmobbing, så seier elevane at dei ikkje høyrer om dette.

Elevane skårar på eller over nasjonalt snitt i rekning og lesing, med unntak av 9. trinn som skårar under nasjonalt snitt i lesing. Både 5. trinn og 8. trinn skårar under nasjonalt snitt i engelsk.

Innspel frå SMU:

- Ein bør ha fokus på engelsk i utviklingsarbeidet på skulen
- Elevane synes det er kjedeleg å jobba mykje i bøkene, meir variert og praktisk
- Elevane synes det er mykje skriftleg arbeid
- Få inn meir fysisk aktiv læring i undervisninga (FAL)

Sak 23 29/20 Informasjon frå

- Elevrådet:
 - o Får vera inne i Kulturstova i matfriminuttet, spesielt i vintermånadene. Då kan dei t.d. spela airhockey.
 - o Dei fekk spørsmål om kva dei brukte pengane dei fekk frå Ungdomsrådet til. Dei kjøpte airhockey og brukte litt på uteområdet.
- FAU:
 - o FAU lurte på om pensjonistar og andre kunne hjelpa til med å driva kantine. Elevane og leiinga tek spørsmålet med seg i planlegginga. Det er ikkje aktuelt no i Koronatida.
 - o 17. mai komiteen fekk støtte til utgifter. Komiteen tente om lag 30.000,- til klassekassen (avsluttingstur på 10. trinn). Dette var litt over halvparten av normalt.
 - o FAU jobbar med at alle elevane i kommunedelen har ein minstesum med seg frå barnetrinnet som skal brukast på 10. klasse turen.
 - o FAU har sendt høyrings svar i høve forslag til ny opplæringslov der det står at det er valfritt korleis ein vil organisera skuledemokratiet.

Samarbeidsutval (SU)

Sak 24 19/20 Godkjenning av referat

Vedtak: Referat frå førre møte blei godkjent

Sak 25 19/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Vedtak: Møteinnkalling og sakliste blei godkjent

Sak 25 19/20 Økonomiplan

Rektor la fram ein plan over innsparingstiltak:

- Slå saman 8A og 8B
- Færre timar til deling/styrking
- Færre timar til spesialundervisning
- Færre timar til andre oppgåver

Tiltaka utgjer 2-3 millionar på årsbasis. Dette er det ein kan få til i 2020. Ein må forventa ytterlegare innsparingar i 2021.

FAU har hatt ein sak i Øyposten i høve lågare budsjett etter overgangen til Nye Stavanger

Sak 26 19/20 Endring i tiltak ved ny klassedeling

Skulen har som rutine å dela klassane på ny når dei startar på 5. trinn. Dette gjer me fordi det kan vera lenge å gå i same klasse i 7 år. I tillegg blir klassane delte på ny når dei begynnar på 8. trinn. Eit av tiltaka ved ny klassedeling er at elevane får skriva ned tre namn på elevar som dei ynskjer å gå i lag med. Skulen garanterer at dei får eit av vala. Ved fleire høve har me opplevd at dette tiltaket har skapt frustrasjon, både for personalet når dei skal setja saman klassane, men og for elevane når dei skal velja ut kven dei vil gå med. Me har vurdert at dette tiltaket gir grobotn for ekskludering og ikkje er i samsvar med utvikling av eit inkluderande læringsmiljø. Rektor ynskjer derfor å ta vekk dette tiltaket frå skuleåret 2020/2021

Vedtak: Tiltak der elevane får velja tre elevar som dei ynskjer å gå i lag med, ved ny klassedeling, blir tatt vekk fom skuleåret 2020/2021.

Sak 27 19/20 Skuleruta

Planleggingsdagane for SFO blir 12., 13., 14. august, 13. november og 4. januar. Skuleavdelinga vil ha dei same planleggingsdagane i tillegg til 4. mai

Vedtak: SU tek skuleruta til orientering

Sak 28 19/20 Smittereduserande tiltak

Smittereduserande tiltak i skulen er nå på gult nivå. Rektor har fått melding om at skulen skal planlegga ut frå at ein har gult nivå også til hausten. Tiltak for gult nivå

«•Ingen syke skal møte på skolen

•God hygiene

•Unngå fysisk kontakt mellom personer (håndhilsning og klemming)

•Hele skoleklasser regnes som en kohort

- Ansatte kan veksle mellom kohorter/klasser
- Trinnvise kohorter på SFO
- Unngå trengsel og store samlinger
- Ha egne områder i skolegården for ulike klasser/kohorter i pauser friminutt»

Vedtak: SU tok smittereduserande tiltak til orientering

Bente Tjelta
referent